

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 04.11.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med tilråding frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vart samsrøytes vedteke som innstilling til fylkesutvalet

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune ber Kulturdepartementet merke seg vedteke innspel i sitt vidare arbeid med ny handlingsplan for universell utforming.
2. Vestland fylkeskommune legg vekt på at strategisk arbeid med universell utforming skal vere politisk forankra på alle nivå, og etterlyser større grad av medverknad i arbeidet med ny handlingsplan for universell utforming.
3. Fylkeskommunen har eit stort nedslagsfelt og moglegheit til å til å mobilisere og koordinere arbeidet med universell utforming. Vi ber om at ny handlingsplan for universell utforming gir fylkeskommunane eit klarare mandat, og auka ressursar til å samordne og drive kompetansesarbeid med universell utforming.
4. Vestland fylkeskommune peikar på verdien av vidare satsing på kartlegging. Det gir oversikt over behov og grunnlag for systematisk arbeid for å sikre tilgjengelegheit for alle i eksisterande bygg, bygder og byar, og friluftsområde.
5. Fylkeskommunen ber om at universell utforming vert styrka innan utdanning, for å sikre kompetanse innan fagområdet i offentleg og privat sektor i framtida.
6. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sluttar seg til innstillinga i saka, og vil særleg streke under pkt 3.